

Vedlagt følger avtaleteksten som ligg i den digitale skjemaøysinga.


Den digitale skjemaøysinga har funksjonalitet med digital signering (anten enkelsignering for alle som er 18 år og oppover, eller dobbelsignering for alle under 18 år).

Elevane følgjer ein link til eit digitalt skjema. Skjemaet krev autentisering med MinID/BankID ved opning, og aktuelle personaliafelt blir automatisk preutfylt. Det er i tillegg ein innebygd alderssjekk slik at alle under 18 år må oppgi føresettinformasjon. Ved innsending blir skjemaet signert digitalt, og dersom eleven er under 18 år blir det i tillegg sendt eit signeringsoppdrag til den føresette. Etter signering er utført blir innsendinga importert til eleven si mappe i Elements. Journalpostane vil ha følgjande tittel: «Lånekontrakt for elevar i vidaregåande opplæring».

NB: Ver merksam på at signering må fullførast for at innsendinga skal bli gjennomført. Dersom eleven er under 18 år må føresette også signere på avtalen. Eleven startar prosessen og klikkar på denne knappen når dei kjem til siste side:

Gå til signering (NB! Du må klikke "signer dokument" i neste vindu for å fullføre)

Då kjem dei til signeringsportalen der signeringa kan gjennomførast. Vi har sett at mange stoppar prosessen her, fordi dei trur dei er ferdige, men dei må i signeringsportalen klikke «signer dokument» for at signeringa skal gjennomførast og dokumentet sendast inn:



Det samme gjeld for føresette dersom eleven er under 18 år.

Alle innsendingar av signering vil bli lagra i elevmappene i Elements, men det er utover det ikkje ein stad der skulane til ei kvar tid vil få fullstendig oversikt over kven som har signert. Eleven sin dokumentasjon på innsendt signering er kvitteringa dei får ved signering. Denne vert sendt dei på e-post.

Dersom elevar ikkje har høve til å nytte den digitale signeringsløysinga, må skulen leggje til rette for at eleven og føresette (når eleven er under 18 år) kan signere låneavtalen manuelt.

Alle elevar må signere låneavtale kvart skuleår.